

VATNASET

Høgdemeter over havet: Ca 490 m.

Lengde: Omlag 2.5km frå Strindeskleiv.

Tid: ca 45min.

Gradering: Noko stigning opp Almenningsbrekkene frå Strindeskleiv, elles lett veg innover til -og ned langs- vatnet.

Vegskildring: Stølen tilhøyrrer Haugse. Vegen går frå Strindeskleiv etter Almenningsvegen om Litlastøl som nemnt der, og vidare ned mot elva og langs Vatnasetvatnet til stølen i inste enden av vatnet. Rett heimom vatnet passerar ein Prestejuklane (sjå under). Ein kan sjølvsagt starta turen frå Haugse med ein del stigning etter den gamle stølsvegen mot Strindeskleiv. Turkassa heng på eit grått sel opp i bakken.

RUNDTUR OM MÅVOTNO, VATNASET OG LITLASTØL

Høgd: Høgste punktet over Rusta er ca 500 m.o.h.

Veglengd: Omlag 7km.

Tid: 2,5 – 3 timar.

Gradering: Avhengig av kva veg ein går, er det ein del stigning opp Almenningsbrekkene og på bae sider av Rusta, men det må reknast som ein lett rundtur.

Kortaste vegen (stølsvegen) til kvar av desse stølane er omskriven over. Rundturen kan du starta anten på Heiane ovanfor Tveito og gå mot Måvotno, eller på Strindeskleiv innanfor Vindal og gå mot Litlastøl og Vatnasete. Ein kan også sjølvsagt gå frå Heiane til Strindeskleiv først, eller omvendt. Strekinga mellom Måvotno og Vatnasete har stort sett synleg sti etter den gamle tingvegen frå Ulvik over høgda Rusta. Kortaste vegen går ned/opp ved Lomtjørn. Men ein kan følgja tingvegen/Almenningsvegen etter høgda lenger inn og kryssa dalen og bekken i Bekkjadalen innanfor Vatnasete. Gåtid 30 min til ein time mellom Måvotno og Vatnasete. Hugs å ta til venstre frå traktorvegen over turkassen om du går frå Måvotno. Vegen mellom Heiane og Strindeskleiv går i meir myrlendt område via brua over Tveitaelva og til/frå ljosløypa som ein følgjer eit stykke nær Strindeskleiv. Det tek knappe halvtimen å gå mellom desse parkeringsplassane.

GOD TUR!